



# VESTNES KOMMUNE

## Møteprotokoll

**Utval:** Ad Hoc utval - Skuleutvalet  
**Møtestad:** Formannskapssalen, Rådhuset  
**Dato:** 15.06.2018  
**Tidspunkt:** 13:00

### Følgjande faste medlemmar møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Bjørn Inge Olsen	Leiar	SP
Falk Daniel Låmar Øveraas	Medlem	H
Geir Inge Lien	Medlem	SP
Anne Marie Fiksdal	Medlem	FRP

### Følgjande medlemmar hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Martin Kjøpstad	Medlem	V
Aud Marie Bergdal	Nestleiar	AP
Gry Kristin Ødegård	Medlem	SP

### Følgjande varamedlemmar møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

---

### Merknader

---

### Fra administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Tone Roaldsnes	Administrasjonssjef
Paul Eidhammer	Kommunalsjef
Magne Værholm	Kommunalsjef

## Saksliste

Saksnr	Innhald	Lukka
PS 14/2018	Godkjenning av innkalling	
PS 15/2018	Godkjenning av protokoll frå siste møte	
PS 16/2018	Arbeidsmøte 15.06.2018	

### **PS 14/2018 Godkjenning av innkalling**

#### **Saksprotokoll i Ad Hoc utval - Skuleutvalet - 15.06.2018**

##### **Vedtak:**

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

### **PS 15/2018 Godkjenning av protokoll frå siste møte**

#### **Saksprotokoll i Ad Hoc utval - Skuleutvalet - 15.06.2018**

##### **Vedtak:**

Protokoll frå siste møte vart godkjent.

### **PS 16/2018 Arbeidsmøte 15.06.2018**

#### **Saksprotokoll i Ad Hoc utval - Skuleutvalet - 15.06.2018**

##### **Agenda for møtet:**

Oppsummere synfaringane/skulebesøka som er gjennomført våren 2018

##### **Oppsummering av synfaringane/skulebesøka:**

#### **Tresfjord oppvekstsenter:**

##### **Bygget:**

- Eit flott bygg utan behov for oppussing av overflater. Lite synleg slitasje sjølv etter om lag 15 års bruk. Det er berre takplatene i gangsona i klasseromsfløya som er det synleg slitasje på.
- 9 klasserom ved skulen. 3 av dei i vestibylen og dei er i dag nytta til spesialrom. Kunst og handverk-fasilitetane er ikkje optimale med tanke på u-steg. Spezialromma ved skulen har i seinare år blitt bygd om til barnehage.

- God gymsal/formidlingssal, nært knytt til kjøkken- og kantineareal. Salen er nok ikkje eigna til kroppsøving med u-klassar på nærare 30 elevar. Einaste skulen i kommunen med kantine og så mykje opne fellesareal.
- Bra med grupperom anten knytt til klasseromma eller i gang. SFO-romma kan også nyttast til grupperom.
- Arbeidsrom lærarar – mykje plass som ikkje er nytta i dag. 1 rom er i dag ledig, som tidlegare vart brukt som arbeidsrom for lærarar. Andre rom kan også nyttast.
- 4 kontor til adm.
- Fint personalrom.

#### **Tilleggsutgreiing/dokumentasjon:**

- Bør ikkje vere behov for store tilleggsutgreiingar, utan at ein ser føre seg å bruke den som U-skule.

#### **Anna:**

- Personalet er uroleg for framtida knytt til det å vere ein 2-delt skule. Det blir færre i personalet og ein meir sårbar situasjon. (Formidla i samtalen med personalet, når utvalet besøkte oppvekstsenteret.)

### **Helland skule:**

#### **Bygget:**

##### **U-steg:**

- Bygget har behov for ei totalrenovering av alle overflater.
- Som skulebygg er det «umoderne». Lite grupperom og små klasserom som ikkje er bygd for elevgrupper på meir enn 24-25 elevar. Vanskeleg å gjennomføre dei nye føringane om tverrfagleg arbeid og djupnelæring som kjem med fagfornyinga.
- Arbeidsromma til lærarane er nok noko tronge, men det er plass til alle og dei er nok innanfor norma.
- Personalrom i 1. etg for heile skulen. Ikkje optimalt - er lite i bruk. Er ikkje nytta av lærarane på barnesteget i det daglege.

##### **Barnesteget:**

- Lyse og trivlege klasserom. Overflatene er bra og inntrykket er sjølvstøtt eit anna enn på u-steget.
- Burde vore fleire grupperom.
- Ikkje personalrom for lærarane. Dei sit i gangsona i 1. etg eller oppe i 2. etg ved arbeidsromma, når dei har matpause.
- Aulaen er brukt til musikkrom for heile skulen og til framsyningar. Fungerer bra.
- Bassengarealet med garderobar: Må gjerast nøye vurderingar om ein vel å byggje om desse.

##### **SFO:**

- For lite hovudrom/base. Nyttar klasseorm som tilleggsareal.
- Ikkje personalrom for tilsette.

**Tilleggsutgreiing/dokumentasjon:**

- XPRO AS – utgreiing for å bruke u-bygget til kulturskule
  - XPRO AS – symjebygget til bruk som konsertscene- og sal.
  - Norconsult – Konseptstudie ny u-skule – sambruk av areal
  - Norconsult – tilleggsutgreiing om barnesteget sine behov
  - Uttale frå rektor ved Helland skule
- 
- Kvaliteten på symjehallbygget er framleis uklar. Krevjande ombygging må gjerast for å nytte denne delen av bygningsmassen.

**Tomrefjord skule:****Bygget:****U-steget/mellomsteg:**

- Alle overflater bør på sikt pussast opp, med unntak av gangsona og trappeoppgangen på mellomsteget.
- Eit tradisjonelt skulebygg frå 70-talet. Ikkje «moderne» med tanke på føringane som kjem gjennom fagfornyinga.
- Den er nesten ikkje grupperom og møteareal. Flyttinga av u-steget vil gi ledige areal som kan nyttast av mellomsteget til klasserom, gruppe- og delingsrom.
- Oasen treng oppussing.

**Barnesteget (småskulen):**

- Bra lokalitetar. Noko små klasserom og areal til garderobar.
- Elevtalet går ned. Klasseromma blir då godt tilpassa elevgruppene.
- SFO sine lokale er gode.

**Tilleggsutgreiing/dokumentasjon:**

- Har ikkje nyare tilstandsrapport/vurdering av bygget.
- Det må vurderast om vi treng dette på u-steget/mellomsteget.

**Fiksdal oppvekstsenter:****Bygget:**

- Den gamle delen av bygget er eit gammalt bygg som ikkje på noko måte tilfredstillar dagens krav til eit skulebygg. Bygget må totalrenoverast skal det nyttast vidare som skulebygg. Tatt i betraktning bygget sin arkitektur med fleire etasjar og trappar, er nok dette ikkje lurt.
- Den «nyaste» delen er noko betre. God høgde under taket. Overflatene treng oppussing.
- Ventilasjonen i bygget er nærast heilt ute av funksjon.
- Lite grupperom og anna areal til tverrfagleg arbeid og samarbeid.
- Akkurat med plass for lærarane på arbeidsrommet. Få gruppe- og møterom.
- Fint uteområde

**Tilleggsutgreiing/dokumentasjon:**

- Det er ikkje nyare tilstandsrapportar som beskriv bygget.

## **Vestnes kulturskule:**

### **Bygget:**

- Eit lite tenleg bygg for ein kulturskule
- Små øvingsrom
- Dårlig lydisolert
- Overflatene er slitt

### **Tilleggsutgreiing/dokumentasjon:**

- Tilstandsrapport (Knausen) – Solid
- Vurdering av arbeidslokala – Stamina helse

### **Anna:**

- God samtale med leiinga og tilsette etter omvisinga i bygget. Fleire moment om framtidige lokale og plassering vart diskutert.